







Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 576 52 613
Telefon SFO: 99 57 88 58



Vekeplan for 3. steg veke 6

		MÅNDAG 5/2	TYSDAG 6/2	ONSDAG 7/2	TORSDAG 8/2	FREDAG 9/2
1	08.50 09.35	Skulen les	Fagdag 1.-4.steg Samane sin nasjonaldag 	Norsk	Kroppsøving inne på Saften	Norsk
2	09.35 10.20	Symjing, lunsj og arbeidsøkt i Sogndal		Nesten alt mellom himmel og jord		Uteskule i nærleiken av skulen 
3	10.35 11.30			KRLE	Norsk	
4	12.00 12.45				Nesten alt mellom himmel og jord 	
5	12.45 13.30					
6	13.45 14.30					



Kroppsøving

Med deg til Saften
treng du innesko,
gymklede, dusjeutstyr
og bytekledde.

Lunsj

Me et inne i dag.

Uteskule:

Me er ute etter lunsj.
Du må ha på deg
varme klede; ullsokkar,
ull-undertøy, tjukk
gensar, lue, vottar og
buff/hals.

Lekser til fredag:

Du har valt deg ein
faktatekst på skulen.
Denne skal du
arbeide slik med slik
me har øvd på:
1: Sjå på bileta, les
tittelen høgt
2: Les teksten høgt i
minst 2 gonger
3: Les ein gong til og
strek under viktige
faktaord i teksten
4: Lag eit tankekart
5: Bruk tankekartet til
hjelp for å fortelje
kva teksten handlar
om

Temalekse:

Les Fakta om Sápmi og samisk kultur høgt saman med ein vaksen. Teksten inneheld ein del vanskelege ord, så det er viktig at du tek deg god til å lese orda rett. Det er og lurt å lese vanskelege setningar fleire gonger. Viss teksten er for vanskeleg eller for lang, er det fint om den vaksne les deler av teksten høgt. Du finn teksten i Lesemappa di i sekken.

Norsk øveord:

urfolk
lavvo
tau
Sápmi

Matematikk øveord:

addisjon
subtraksjon
tiarvenner
hundrar
einar
tiar

English:

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337



Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 576 52 613
Telefon SFO: 99 57 88 58



	Dette arbeider me med denne veka
Norsk	Faktatekstar og tankekart
Matematikk	Addisjon og subtraksjon
Engelsk	Digging for dinosaurs
Kroppsøving	Friluftsliv på uteskule, symjing i basseng
KRLE	Islam
Tema	I veke 4-10 arbeidet me med temaet Nesten alt mellom himmel og jord i faga norsk, naturfag og samfunnsfag.

Meldingar

Symjing

Du treng ikkje skulesekk med deg måndagar når me skal på symjing. Det er like lurt å berre ha med seg ein badebag som har plass til alt du treng i Sogndal. Med deg til Sogndal treng du:

- badetøy
- ein handduk som du tek med deg inn i bassengrommet, og som du kan tørke deg- og varme deg med om det er kaldt
- ein handduk til å tørke deg med etter dusjing i garderoben
- dusjsåpe
- hårstrikk (viss du har langt hår)
- niste
- drikkeflaske

Leseleksa til fredag

I denne perioden arbeider me med faktatekstar både i temaet Nesten alt mellom himmel og jord og i norskfaget. I tillegg øver me oss på å lage tankekart som læringsstrategi for å hugse mellom anna viktig fakta i tekst. Denne veka er leseleksa til fredag ei lese-, tankekart- og attforteljingsleksa. Dei 5 punkta på lista i leksa viser korleis me har arbeidd på skulen i tre veker. Elevane har valt ulik faktatekst å arbeide med. Me har så vidt starta arbeidet med tekstane på skulen, så elevane er i gong. Teksten og arbeidsmåten er såleis kjent, men samstundes utfordrande for alle. Det er difor viktig at de arbeider saman med dei med leksa. Det kan og vere lurt å fordele arbeidet ut over fleire dagar, men det vil nok variere frå heim til heim kva som passar best. Ta gjerne kontakt om det skulle vere noko.

Kroppsøving og uteskule

Denne veka har me kroppsøving inne på Saften torsdag morgon. Deretter har me naturfag og et frukt og lunsj inne på klasserommet, før me går ut på uteskule i dei siste timane. Me ser an vær og føre 😊

Me ynskjer dykk ei fin veke!
Andrea og Mari

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337